

- Islandshesten er stødigast i fjellet

Elisabeth Runde (bildet) rir fjording heime i Volda, men meiner at islandshesten er stødigare i fjellet. Sist veke har ho vore mellom deltakarane på rideleiren ved Stall Kjersem.



Flåthe Trevare går vidare med nye eigarar

Nye eigarar fører drifta ved tradisjonsrike Flåthe Trevare på Svorta vidare.

- Vi satsar på at verksemda skal fylgje tradisjonen med spesialprodukt, også firmanamnet skal vi ha med oss vidare, seier Jan Sen Husøy (bildet) som er ein av dei nye eigarane.



bygddebladet

Nr. 56 36. årgang Laurdag 14. juli 2007 Laussal kr. 15,00

Rekdal-brør går frå sjøkreps til krabbe



- Det er nesten for mykje krabbe i sjøen, seier brørne Willy og Bjørn Eddi Bjerkevoll (bildet) på Rekdal. Sesongen er i gang, og mange av dei sjølvaga krepseteinene har dei gjort om til krabbefangst.

- Vi skulle absolutt hatt fiskerikar på Rekdal, seier dei.

Kyrkjehola har mykje å by på i ferien



Det skjer mykje i regi av Kyrkjehola kulturbeite også i ferietida. Konsert med Jo Nesbø og Lars Jones 18. juli, opning av installasjonen "Harpeberget" og grafikkutstillinga spor på olsokdagen og konsert med toppmusikarane i duoen A corda, Birgitte Stærnes og Martin Haug søndag 5. august. Arrangørane Bjørnar Midtbust, Odd Johan Overøye og Kristian Almås har alle grunn til å vere stolt av årets program.

- Vestrefjord betre enn Tahiti og Hollywood!

Ingen stad er så triveleg som Vestrefjord, seier Inger Falkevik og Alf Ringdal (bildet). Dei reiser verda rundt og har hus både i Spania og Alesund, men er bestemt på kvar det er mest triveleg: Verken Tahiti eller Hollywood kan konkurrere med Vestrefjord!



Nytt Ørskog-selskap satsar på å halde kulturlandskapet i hevd

Det gror att over alt. Dette er utgangspunktet for det nye Ørskog-selskapet som satsar på nettopp å stelle kulturlandskapet.

Arne Jan Sollied, Steinar Leganger og Frode Dyrkorn står bak det nye tiltaket.

På bildet den spesialbygde traktoren som skal nyttast i arbeidet.



Skotsk-norsk par vil kjøpe småbruk i Fiksdal:

Satsar på småbruk i Fiksdal



Ingrid Elin Frostad (bildet) frå Tresfjord og Jason Neil, Skottland, er på jakt etter det norske småbruket. Sjansen kan no by seg i Fiksdal, men det er mange om beinet.

- Landet vårt hadde vore fattigare utan aktive bygdesamfunn, seier dei.

CONTAINERE



J.O. MOEN

Lund & Sylte AS
71 22 32 50/464 204 77
www.jo.moen.no

coop
marked

coop
prix

coop
obs!
HYPERMARKED

coop
obs!
bygg

Inger Falkevik
og
Alf Ringdal:

-Vestrefjord er betre enn Tahiti og Hollywood

Inger Falkevik og Alf Ringdal reiser over heile verda. Dei har husvære i sentrum av Ålesund og hadde hus i Spania. Men ingen stad, Hollywood og Tahiti ikkje unnateke er så bra som Vestrefjord. I eit gammalt hus i fjørsteinane laddar dei opp batteria, og er der store deler av året.

BB • KNUT ARNE ROMESTRAND

Dei hadde hus i Spania. Det selde dei og kjøpte det gamle huset i Vestrefjord i staden. I 11 år har dei vore i lag. I 2005 gifta dei seg i Sjømannskyrkja i New York.

- Vi reiser over heile verda i samband med arbeidet vårt. Vi har vore i Hollywood, i Salt Lake City. Vi har vore i Las Vegas i mars. Vi skal til Hawaii i september og Stockholm i oktober. Kva skal vi med feriehøus i Spania? Det aller beste er å kome hit til Vestrefjorden og trekke pusten, gjerne i lag med barn og barnebarn eller gode venner, seier Inger Falkevik. Det er fjerde sommaren ho og mannen Alf Ringdal bor i det gamle huset nede ved nausta i Vestrefjorden. Huset kjøpte dei i 2004. Her har vore både postkontor, skreddarverkstad og landhandel. Litt av inventaret i landhandelen står framleis i kjellaren. Ute i småbåthamna ligg plastbåten deira, og ventar på ein rotur.

- Vi har vorte så godt mottekne her i Vestrefjord. Folket her er eineståande, seier Inger og Alf.

Heile verda

Inger Falkevik og Alf Ringdal er distributørar og representantar for firmaet Tahitian Noni Internasjonal.

- Vi er i ein bransje som dessverre har fått eit dårleg ord på seg, på grunn av useriøse aktørar, og opplever skepsis til det vi driv med. Vi er ein del av eit firma, og bygg nettverk mellom firma, distributørar og kundar. Det har

eg drive med sidan 1987, seier Alf Ringdal. I 1997 starta Tahitian Noni Internasjonal som har hovedkontor i Salt Lake City i USA, og Alf var med frå starten.

- Basisen Nonifrukta som veks på Tahiti. Det er byggesteinen i alle Noni sine produkt, som er svært mange. Hovedproduktet er Tahitian Noni "juice" seier Alf. Og Inger Falkevik finn fram flasker og spanderer ein skvett til Bygdebladet si helse.

-Firmaet har fått FN støtta pris for etisk produksjon og sosialt engasjement. Det betyr noko for oss. Vi rekrutterer andre til nettverket. No har vi 3000 forhandlarar i 17 land. Vi er ikkje sjefane deira og mange av dei gjer det langt betre enn oss. Vi driv i vèlværebrenjen. Og som del av eit nettverk kjem vi ingen veg utan å hjelpe andre til å kome i gang seier Alf Ringdal.

Skifta jobb

Alf Ringdal har arbeidd med litt av kvart, mellom anna i bilbransjen. Inger Falkevik dreiv eigen hudpleiesalong i Ålesund i 18 år. Begge leita etter noko anna. Då Inger kom i lag med Alf for 11 år sidan arbeidde han i Noni, som ein av dei første norske distributørane.

-Eg drakk juicen til Alf, men synest dette var ingenting for meg. Samstundes innsåg eg at hendene mine ikkje ville tole 18 år til i salongen. Det enda med at også eg bestemte meg for å starte. Eg sa til ho som arbeidde i salongen min.

- Eg skal selje salongen inna tre år og du skal kjøpe han, fordi eg veit du greier det. Ho nekta, men eg er sta. No driv ho salongen minst like godt som eg. Og eg får jobbe med det eg brenn for, nemleg å gjer livet lettare for kvinner frå ut i førtiåra og oppover i overgangsalderen. Der får eg også nytte av kunnskapen min frå hudpleiesalongen seier Inger Falkevik.

Huset i Vestrefjord er ein freda plett.



TIL TENESTE - servicetorget for folket i Bb-distriktet

BATTERI TILBUD FRA

SUPER DEKK

TORBjørn Sjøvikhagen
Tlf. 70 21 24 42
6280 Søvik
www.superdekk.no

Ramsvik

- Maling
- Flislegging
- Gulvlegging
- Tapetsering
- Sprøytemaling

Ta kontakt for befarung og pristilbud!
Fagbrev og våtromssertifikat

Mob. 918 83 855
Mob. 958 80 616

E-post: ramsvik@breiband.org

Containerutleige eller trenger du GRUS - SINGEL - KALK?

HJELSETH TRANSPORT

Tlf. 901 53 511 / 917 46 250

ARNE DYRKORN AS
MASKINENTREPRENØR

6240 Ørskog

Tlf. 900 13 941

- Graving
- Transport
- Natursteinmuring

Når noe skal merkes....

SKILT, BILREKLAME, FOTOPRINT, FLAGG, BANNERE, FASADEBOKSTAVER, TRYKKSAKER, ETC.

NordvestTrykk AS

6010 Ålesund - Tlf. 70 17 18 40